

Kontrollutvalets rapport for 2022

I samsvar med NIF si lov § 2-12 avgjev kontrollutvalet i Bratte Rogalands Venner (BRV) med dette sin rapport.

Kontrollutvalets oppgåver

Kontrollutvalet skal sjå etter at klubben vert driven i samsvar med organisasjonsleddet og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak, og ha særleg fokus på at organisasjonsleddet har forsvarleg forvaltning og økonomistyring, og at midlar vert nytta i samsvar med lover, vedtak, tildelingar og økonomiske rammer.

Kontrollutvalet skal framleggjast alle forslag til vedtak som skal behandlast på årsmøte/ting, og avgje uttale til dei saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.

Kontrollutvalet skal føra protokoll over eigne møter og avgje rapport til årsmøtet.

Kontrollutvalet har utført fylgjande handlingar

Kontrollutvalet har sidan førre årsmøte hatt møte saman med styreleiar og dagleg leiar, i tillegg til epostkommunikasjon med informasjon i saker relevant for kontrollutvalet.

Utvalet har hatt tilgang til og gjennomgått protokoll for årsmøtet 2022, styrets møteprotokollar, samt andre dokument utvalet har funnet det nødvendig å gå gjennom. Me har fått alle opplysningar som utvalet har sett nødvendige frå idrettslagets styre og dagleg leiar. Me har vidare gått gjennom styret sin årsberetning for 2022, det styregodkjente årsrekneskapet for 2022 og hatt oppsummerande møte med styrets leiar og dagleg leiar 06.01 2023.

2022 har vore året pandemirestriksjonane opphørde og aktivitet og drift kunne venda tilbake til normalen. Det har heldigvis ikkje vore behov for ekstraordinært årsmøte, og kontrollutvalet har opplevd ro i organisasjonen i 2022. I handlingsplanen som vart lagt fram for årsmøtet for 2022 var det ei rekkje nye tiltak og aktivitetar. Det var mykje ein ville gjere etter to år med pandemi. Av aktivitetar i årsplanen som blei endra eller ikkje gjennomført kan utvalet nemna at ein gjekk bort frå limbolting som standard ved rebolting etter råd frå interne og eksterne klatrarar med erfaring. Aktiviteten i para-gruppa blei mindre enn planlagd. Uteklatring kvar veke blei for ressurskrevjande som følgje av krav frå NKF. Det vart heller ikkje nasjonal klubbssamling og kompetansehelg i regi av NKF då ingen medlemar melde seg. Kontrollutvalet har fått informasjon om dette i eigen rapport frå dagleg leiar. Utvalet meiner likevel styret har operert innanfor mandatet frå årsmøtet. Aktivitetane som er gjennomførte i 2022 er samsvar med årsplanen for 2022 og konsentrert rundt kjerneaktivitetar og klubbens verdjar. Dei er også basert på ynskje frå medlemmane etter ei spyrjeundersøking blant medlemmane.

Kontrollutvalet har gjennomgått Norges Idrettsforbund si sjekklister for klubbar utan engasjert revisor. Utvalet har hatt direkte tilgang til rekneskapssystemet (Tripletex) der klubbens rekneskap vert ført av firmaet Bokholderiet Hinna As. Kontrollutvalet har der gjort punkt- og kryssjekkar av posteringar og rekneskap.

Balansen viser idrettslagets eigendelar og midlar og er kontrollert mot underliggjande dokumentasjon. Me finn at alle balanseverdjar er reelle pr 31.12.22

Rekneskap 2022

Rekneskapen viser eit **overskot på kr 313.986**.

Ved årsavslutting 2022 er den frie eigenkapitalen redusert med kr 188.017 samanlikna med 2021 og er no på totalt **kr 1.155.522**, der kr 179.307 er plasseringar i Skagenfondet. Reduksjon i eigenkapital er eit resultat av vedtak gjort i ekstraordinært årsmøte der Silofondet vart rettmessig tilbakeført til dei reelle eigarane, og noverande innskot på kr 179.307 er midlar gjeve av Silofondet tilbake til BRB og øyremerka som eit ekspedisjonsfond for BRV-medlemmer. Dette var opprinneleg kr 200.000, men opplevde ei negativ avkastning for 2022.

Eigenkapitalen er godt innanfor krav til eigenkapital for klubben som styret vedtok i 2021 på eit minimum av kr 400.000. Føremålet med å definera ein minimum av eigenkapital er å sikra at klubben har ein buffer dersom ein skulle få større grad av uforutsette utgifter eller tap av inntekter enn budsjettert.

Kontrollutvalet har fylgjande merknadar til det framlagte rekneskapet:

For årsrekneskap 2022:

I presentasjon av rekneskapen for 2021 var det i stor grad gjort bruk av store sekkepostar der fleire typar inntekter var slått saman. Dette gav hurtig oversikt, men grad av manglande detaljering gav også manglande innsyn. For årets rekneskapspresentasjon er dette løyst med god bruk av detaljar i notar.

Nokre kontopostar som vist i resultatrekneskapen er ikkje i bruk, og var heller ikkje i bruk i 2021 (t.d. «konkurransar», «utgifter NM»). Desse kan vurderast å slettast for neste årsrekneskap.

Kontrollutvalet anbefalte i 2022 at godtgjersla til styret også spesifikt skal koma fram i notar. For 2022 er det ikkje betalt ut godtgjersla til styret.

Rekneskapen er ført av Kenneth Nilsen i Bokholderiet Hinna AS med et honorar pr kr 28.413 for 2022.

Kontrollutvalet opplever at dagleg leiar og styret gjennom året har tett oppfølging av rekneskapen og har hatt dedikert kasserarverv med hovudansvar for dette.

For året 2023 legg styret fram budsjett med kr 54.732 i overskot.

Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at styrets beretning og idrettslagets årsrekneskap for 2022 vert godkjent av årsmøtet.

Stavanger, 6. mars 2023



Lars Gjerdåker, leiar



Rune Endresen, medlem



Iven Erga, varamedlem